Kvalvikane

Lauvtreborkbilla

For ein del år sidan var masseangrep av granborkbilla eit omfattande problem i skogbruket austpå. Borkbiller har vi òg i Hordaland, og i frukthagane kan lauvtreborkbilla vera eit problem. Arten vart først oppdaga i Hordaland (Etne) i 1979, men er seinare vorten nokså vanleg somme stader. Medan rognebærmøll er eit problem for fruktkjøtet, kan lauvtreborkbilla gjera ende på heile treet. Friske tre er ikkje utsette – desse billene vel seg ut tre som av ein eller annan grunn er svekte.

Billene borar seg inn i veden på trea og legg egg i gangsystemet dei har laga. Etter kvart gror gangane til med ambrosiasopp, som larvane livnærer seg på. Sporar av denne soppen har dei vaksne billene med seg frå gangane i treet der dei har overvintra. Veksten av soppen stoppar saftstraumen i det nye vertstreet, som visnar og døyr kort tid etter at billene er etablerte.

Billene orienterer seg etter den naturlege, men svake alkoholdunsten frå trea for å finna eit nytt tre til egglegging. I spesialkonstruerte feller kan ein lokka billene med alkoholdunst frå ei blanding av 50 % etanol og 50 % toluen.

Nyutvikla lauvtreborkbiller overvintrar inne i gangane som morbilla har laga. Dei utviklar seg frå egg til vaksen i same treet. (Kåre Hesjedal)

«Skadedyr»

I økologisk meining gjer desse «skadedyra» ikkje anna enn å ta for seg av eit ekstra tilbod som vi menneske har skapt. Skadane blir mest tydelege når det er knappe tider for desse organismane i naturen.

Blir det for mange individ av ein art, har naturen sjølv mange mekanismar for å retta opp att balansen, særleg ved auka konkurranse mellom individa. Slike prosessar tek likevel litt tid. Ein fruktdyrkar – som skal tena pengar på avlingane – har ikkje alltid tid til å venta på naturens gang, særleg ikkje når avlinga står i fare for å bli øydelagd.

Ingen ønskjer å nytta sprøytemiddel i landbruket. Nøkkelen til betre plantevernmetodar ligg mellom anna i å studera – og forstå – dei naturlege prosessane i utmarka, og dra praktisk lærdom av dei.

KVARTSITT OG KVARTS

I Ålvik har kvarts lenge vore nytta til å framstilla ferrosilisium. Kvartsen vart henta frå andre sida av fjorden, frå fjellet ovanfor KVALVIKANE.

Kvartsittbrotet i fjellet ovanfor Kvalvikane – ein gong kjelde for råstoff til smelteomnane i Ålvik. Kring 1960 var det slutt på aktiviteten i brotet. (Svein Nord)

Ullensvang har kvartsitt i enorme mengder. Bergarten, ein omforma sandstein, høyrer til den såkalla Ullensvanggruppa (Ⓣ29), og er kanskje så mykje som halvannan milliard år gammal. Trass i alderen har han synlege strukturar frå den tida sanden vart avsett av elvar og sjøar i eit urgammalt vulkanlandskap. Rett nok er ikkje dei opphavlege kvartsittane reine nok til ferrosilisiumindustri: Glimmer, feltspat og andre mineral blanda seg med kvartskorna i dei gamle elvane. Men i seinare geologiske tidsaldrar vart noko kvarts oppløyst og utfelt som årer i fjellet. Denne reine, kvite årekvartsen finst mellom anna i fjellsidene over Kvalvikane. Hit har ålvikingane drege for å henta kvarts til smelteomnane sine. Den gamle anleggsvegen frå Indre Kvalvikane og opp i fjellet er heilt kvit av små kvartssteinar frå brotet lenger oppe. I dag er krava til reinleik for strenge til at kvartsen frå dette brotet kan nyttast, men kanskje finst det reinare kvarts i området, som enno ikkje er oppdaga.

Denne kvartsitten frå vegskjeringane mellom Velure og Aga viser såkalla skråsjikt. *Under avsetjinga la nokre lag seg flatt, medan andre la seg på skrå (skråsjikt). Slik lagning finst òg i dagens elveavsetjingar i Hordaland. Rett nok er dei halvannan milliard år gamle bergartane snudde og vridde på, men ikkje meir enn at ein geolog framleis kan tolka kva retning som var opp då dei vart danna.* (Haakon Fossen)

BRUREIKI PÅ LOTE – TJUKKAST I NOREG

Brureiki er ei freda eik på garden Lote.

Ho står tett ved vegen, eit par steinkast frå det gamle tunet frå tida før utflyttinga etter jordskiftet. Omkrinsen til denne kjempa er 10,3 meter. Ein veit ikkje om tre som er tjukkare enn dette i Noreg. Ho kan vera 900 år gammal, men dette talet er usikkert. Frå gammalt hadde brurefølgja båtlanding på denne staden når dei kom frå kyrkja. Ved Brureiki vart bruradrammen skjenkt, deretter gjekk følgjet vidare til bryllaupsgarden. (Foto: Bjørn Moe)